

Vask og "desinfeksjon" etter økologiske prinsipp.

I kennelen, fjøs, stall, kyllighus, drivhus, verkstad etc



www.optima-ph.no

Optima pH universalvask er eit surt vaskemiddel (pH 4) som kan brukast overalt i hus til dyr etc. Det har god vaskeeffekt og ingen negativ effekt på helse og miljø, og er «snilt» mot inventar og utstyr etc

Optima pH organiske syrer er ei blanding av 4 organiske syrer med pH 3,3 som heller ikkje har skadeleg effekt på helse og miljø. Alle ingrediensane er godkjente til bruk i mat. Det er ikkje eit desinfeksjonsmiddel, men hemmar veksten av skadelege bakteriar og sopp. Det eignar seg derfor godt etter vask med universalvasken.

Effekt

Ingen problembakteriar toler eit miljø der pH er ca 4 over tid, og særleg ikkje i kombinasjon med dei 4 organiske syrene som finst i desse to produkta. Dei bakteriane som overlever denne metoden er av det gode slaget. Dette i motsetning til vask med alkaliske og pH nøytrale middel.

Det viktige er å halda eit vedvarande press mot den skadelege floraen. Viss ein gjennomfører dette prinsippet og elles tek omsyn til vanlege hygieniske prinsipp, vil risikoen for oppblomstring av problembakteriar bli sterkt reduserte.

Luktfjerning

I begge produkta er det eddik/eddiksyre som er kjent for å fjerna ubehageleg lukt av alle slag.

Bruksområde for universalvask

- Vask av fjøs, stall, kennel, hus for høns og kylling, drivhus, verkstad etc.
- vask av utstyr og inventar

Bruksområde for organiske syrer

- etter vask med universalvask
- til smittereduksjon på golv og innreiding ved lamming
- til smittereduksjon i kalvebingar
- til smittereduksjon i smågrishjørne og fødebingar

Organiske syrer kan brukast med dyr i bingen

Bruksmåte

- bland universalvasken med lunka vatn og fordel med trykksprøyte. Spyl av etter 10-15 min med reint vatn
- organiske syrer skal brukast utblanda på sprayflaske eller i trykksprøyte.